



Innsendt: 19.09.2025 23:38

Ref.nr: TQKJYH

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Kontaktinformasjon for virksomhet	
Organisasjonsnummer 999275745	Foretaksnavn HANS-RAGNAR SKOGLI
Foretakets telefonnummer	Foretakets e-postadresse
Kontaktperson	
Navn HANS-RAGNAR SKOGLI	
Telefon 48283942	E-post hrskogli@gmail.com
Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak, legg inn organisasjonsnummer.	
Organisasjonsnummer	Foretaksnavn

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202514643	Sakstittel Planendring av Offerdal kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Høyringsvar frå Fornabu gard, NVEs saksnr.: 202514643 Det er planlagd utbyggingar av Offerdal Kraftverk AS og me har nokre kommentarar til dette. Hytter, jakt og turisme. I takt med modernisering av jordbruket, effektivisering og jamt over større bruk må vestlandsbønder sjå på alternativ for å ha livsgrunnlag. Det høver det seg ikkje med store einingar i fjella på vestlandet. Dei bratte omgjevnadane og den ville naturen gjer det vanskeleg å konkurrera med bruk på aust- og sørlandet, og me må derfor satse på differensierte driftsformer for å få økonomien til å gå rundt. Naturen på vår fjellgard er eit av våre sterkaste kort då turistar og jegrar legg att store verdiar for å oppleve dette. Me har leigd ut rype-, rein- og hjortejakt i mange år. Dette har etter kvart utvikla seg til eit luksusprodukt med høge prisar og høg etterspurnad. Ingen kjem hit berre for å skyta ein hjort. Alle kjem for totalopplevinga der stillheiten og den urørte naturen er hovudkomponentane i opplevinga. Me ynskjer å bygge hytter på garden for utleige. Me vil lage desse i «Hobbitstil» då dette byggjer vidare på ideen om noko urørt og pent. Me ynskjer å utvikle hytter i området aust for våningshusa på garden, med utsikt nedover

dalen. Hobbithus er konsept frå bøkene om Hobbiten og Ringenes Herre. I desse konstruksjonane bur folk i koselege hus under bakken der kun ei dør og to vindauger er synlege i terrenget. Forutan det reint arkitektoniske fordrar Hobbithus hygge, fred, ro, fin natur, rolege omgjevnader og jamt over det ei gamal, enkel hytte representerar i dei omgjevnadane dei som regel finst. Antitesen er betong, støy, industri og storkapital. Fornabu gard høver seg godt som sete for «gamal hytte-opplevingar» då husa på garden er tradisjonelle, me har ulike typar husdyr i fjøsen og på tunet, fleirfaldige typar ville dyr i skogen og jamt over eit preg av det urørte. Det er derfor noko merkeleg at i Multiconsult sin rapport om påverknad i raden «Friluftsliv (inkludert Reiseliv)» vurderar konsekvensane av den nye planen til «ubetydelig». Korleis fann dei ut av dette? Er reiseaktørane spurt? Er eg spurt? Sjå vedlagde bilder som syner effekt på utsikt. Konsekvensane for oss er ganske store. For oss er det eigentleg uakseptabelt å verte invadert av såpass store tiltak når me flytta hit for nettopp freden, naturen, utsikta og alt det Ofredalen representerar som alternativ til industri og by. Det gror fram ei kjensle av å verte svelgt av profittsøkande storkapital som kjem hit, utnyttar og reiser igjen. Inngrepa vil vere meir enn ei formulering på eit papir for oss som bur her. Det vil ikkje vere «noe til middels negativ konsekvens» (0-alternativet) å måtte høyre på støyen frå lastebilar, dieselmaskineri og sjå betongkolossar reise seg i elv og skog, sjølv om det er estimert til «berre tre år». Eg ser også føre meg at tunnellspreng vil vere eit uromoment for hjorten og den vil verte drive vekk. Vårt produkt vil verte særleg forringa i byggeperioden då det er utriveleg å høyre på industristøy når ein går på jakt eller ser maskineriet midt i utsikten som me ynskjer å presentera.

Multiconsult sin rapport henspeglar til ein ide om at konsekvensane er ubetydelige så lenge det ikkje er storkala turismeindustri i området, men fråværet av dette er nettopp vår styrke og dannar grunnlaget får vår hytte- og jaktutleige.

Eg merkar meg også at det ikkje finst ein rad om «nabopåverknad» eller «utsiktpåverkad» i rapporten. Det ligg ei forventning i skrivet at naboar skal forholde seg passivt så lenge tiltaket er på andre folk sin grunn, men tiltaket vil vere på vår utsikt, vår fred og våre liv. Det verkar å vere ei forventning om at det nye alternativet er betre enn 0-alternativet, og at me bør vere nøgde med det, men 0-alternativet var for oss heilt absurd. Me får uansett støy, forureining og synlege inngrep i lang tid etterpå, og ingen har førespegla oss kompensasjon på noko vis. For oss er dette ikkje «ubetydelig».

Me tykkjer soleis alt synleg bør forsøkast gjerast så «organisk» som mogleg. Kraftstasjonen bør byggast/kles i treverk og det bør vera torv på taket. Eventuelt kan den byggast nedfelt i bakken for å ikkje framstå som eit ruvande framandelement. Eventuelt bør det tematisk/arkitektonisk knytast saman med bygningar på garden Skogli.

Brakkeriggen:

Me hadde store reservasjonar mot ein brakkerigg som planlagd i 0-konseptet. Det står ikkje noko om dette i rapporten til Multiconsult. At dei opphavlege deponiplanane no er skrota er viktig, men me tykkjer framleis det vert forstyrrende med ein brakkerigg der folk skal bu over lengre tid. Det vil heilt utvilsomt verte skader på omgjevnadane av mange menn som har lite å gjere på fritida, og me trur det er til det beste for oss her i dalen og for arbeidarane at dei får bu på ein plass med andre moglegheiter enn opphavleg tiltenkt.

Hjort:

Me fryktar for hjortebestanden i området. Villreinen får mykje merksemd, men hjorten har ikkje fått noko sjølv om den representerar viktige inntektskjelder for mange av bruka i både Indre og Ytre Ofredalen. Trafikkstøy, ferdsel og sprengingar i fjell vil fordrive dyra. Om dyra vert fordrivne vil ein stor del av inntektsgrunnlaget på garden forsvinne. Me har brukt lang tid på å byggje opp dette, men jegrar vil ikkje kome om det ikkje er dyr att.

Ofredalen:

Forutan jaktutleige hjå oss på Fornabu representerar Ofredalen eit ynda turområde for folk i Årdal, og andre.

Seimsåsen er svært populært turområde både somar og vinter og utsikten nedover dalen er eit av hovudpoenga for utfartar til mange av turmåla rundtom. Ein kan frå Seimsåsen sjå Storen (Store skagastølstind) og Fjorden og etter kvart Offerdalen Kraftverk... Ein vil også høyre dette då sprengingar i fjell går langt.

Ko synleg installasjonane vert er veldig viktig for folk si turoppleving. Industriplassen Årdal treng ein kontrast i det urørte som Ofredalen representerar.

Tillegsmoment:

Eg tykkjer det utelatte potensialet i desse planane også må adresserast. Både som kritikk, men også som ei oppmoding å omsynta dette i vidare arbeid. Anlegget Ne Fø Sjøen vert nemnt i nærast alle høyringar i samband med bygginga av Offerdal Kraftverk. Annlegget Ne Fø Sjøen er av stor kulturhistorisk verdi og det er kunnskapsbærar om vasskraftutnytting i tidligare tider. Offerdalen kraftverk kunne teke stafettpinnen vidare. No står utbyggjar, kommunen, lokalbefolkninga og sjølve framtida framføre eit enormt potensiale i ei eventuell synergi mellom gammalt og nytt. Om ein klarar å sjå begge anlegga som uttrykk for vasskraftpotensialet kan ein pakke det inn i noko mykje meir positivt. Ein kunne ha laga eit utsillingsvindauge for historisk og moderne bruk av vassressursane som kunne kome alle til gode. Omvising i det gamle og det nye og innsikt i korleis norsk, fornybar energi skal har drive både historia og framtida vil gjere at reiselivsaktørane kan tilby noko verkeleg imponerende og ein kan få inntekter som sikrar anlegget Ne Fø Sjøen vidare drift og vedlikehald. Ein kunne ha laga ein senter for vasskraft og knytt installasjonane saman i noko heilskapleg. Hotellnæringa, det lokale reiselivet og oss om bur her kunne alle fått noko positivt ut av dette. Årdal sitt kommunevåpen symboliserar nettopp vasskraft og eit slikt konsept ville tenk alle godt og gitt ringverknader som berre var positive.

Me ber om:

- Ingen synlege endringar av utsikten nedover Ofredalen då dette forringar våre liv og vårt inntektsgrunnlag ved jakt og turisme. Eventuelt kompensasjon om dette vert tilfelle.
- Eventuelle enringar bør dekkast til for å verte ein del av kulturlandskapet i ettertida (til dømes torvtak, villmarkspanel, etc)
- At ferdsel og opphald i området vert begrensa då mykje aktivitet vil skremme vekk hjortebestanden.
- Konstruksjonane bør gjerast besøksvenlege for å kunne skape ringverknader for lokale aktørar (reiselivet, skular, ingeniørar osv) med høve til omvisning og læring i konstruksjonane, samt samanknytning med anlegget Ne Fø Sjøen for heilskapleg konsept.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

Garen og utsikt m endringar.JPG

Vedlegg bilder

Garen og utsikt.jpg